

Til Samnanger kommunestyre  
v/ varaordførar Øyvind Røen

Tysse 07.09.2022

## **Vedrørande sak om tilskot til etablering av bygdebutikk på Tysse.**

Styret i Tysse Landhandel AS ynskjer å koma med nokre innspel og avklaringar etter å ha sett opptak frå møte i formannskapet 01.09.2022.

Vår intensjon med denne butikken er å utvikla Tysse som tettstad med ein unik historie som industri og handelsstad og som i tillegg har ei plassering med sjø, kai og turterreng lett tilgjengeleg.

Å få eit levande nærmiljø her vil vere til beste for heile kommunen og tilføra verdi i tillegg til og ikkje i konkurransen med Bjørkheim som vil vere senter for handel.

Ein butikk er heilt avgjerande for dette.

Vi ser og føre oss Ytre Tysse som eit knutepunkt for turisme i kommunen der ein butikk kan støtta dette med informasjonstenester, tilgang til toalett, utelege av utstyr og liknande i tillegg til butikkdrift.

Selskapsform AS har me vurdert som mest tenleg der vedtekten for selskapet er klare på at eit overskot frå drift skal brukast til nedbetaling av lån og til utvikling av nærområdet. Det vil ikkje bli betalt utbyte til eigarar.

Dei som står bak selskapet har tatt dels store tap ved flytting av Tysse Landhandeli AS til ny lokasjon i Bergen men er villig til gjere eit nytt forsøk.

Konsept er basert på å redusere driftskostnader ved delvis eller full automatisering av butikk.

Det er ikkje tvil om at ei løysing med full automatisering frå starten vil vere mest robust.

Erfaring med fullautomatiserte nærbutikkar er auka omsetning samanlikna med tradisjonell drift.

Dersom det er mogeleg å utvide lån for å dekkje dette vil vi søkje om det. Det vil sei eit lån på 1,6 MNOK.

Med helsing for styret i Tysse Landhandel AS  
Bjørn Helge Ulland